

Høyringsinnspel vedr. nedlegging av vidaregåande skular i Innlandet.

For nokre år sidan vart kommuner og fylker i Norge slege saman. Motstandarane til samanslåing av Hedmark og Oppland var redde for at dette ville vera til skade for utkantkommunane. Dei som var for meinte det motsatte og vant fram med det. Nå ser vi at motstandarane får rett i si bekymring. Politikarane frå meire sentrale strok har teke fram storsleggja og skal stålsetja seg for å få lagt ned vidaregåande skular i utkantane. Med dette kan dei styrke skuletilboda i sine eigne områder. Kva dette vil bety for utkantkommunane er godt dokumentert.

***Den vidaregåande skulen i Lom er sjølv livsnerva i Ottadalskommunane. Dette er godt dokumentert i høyringsuttala til Lom Kommune, som vart presentert for full sal i folkemøte forrige veke. Eg støttar denne uttala fullt og heilt. Lesarinnlegg og uttaler frå enkeltpersonar, næringsliv, lag og foreiningar understrekar alvoret i saka.***

Med dette har fylkespolitikarane fått eit faktagrunnlag eg har tillit til at dei tek på alvor. Gjennom val har vi gjeve dykk den tilliten det er å ha ein plass i fylkestinget. Da forventar vi å bli høyrd og respektert sjølv om vi bur i ein utkant.

Skjåk, 29. august 2024

Kjell Kvålshagen